

KLUBBEFESTEN – ein fest for sogningar, fjordingar og anna godt folk...

laurdag 6. november 2010 kl. 19.00 er det duka for



FOTO (frå v.): Alv Reida Dale / NRK © / Språkrådet © / Alv Reida Dale ©

Sylfest Lomheim “live” i Språkteigen!

Sylfest Lomheim har nett slutta som direktør i Språkrådet, og no kjem han på Klubbefesten i Sogn og Fjordanelaget og held ein halv time “Språkteigen” – i samtale med tidl. programleiar **Gøril Grov Sjørdal** – då kjem vel du også?

Haustens kulinariske og kulturelle høgdepunkt for utflytte fjordingar og sogningar og nærskyldige;

Klubbefesten samlar folk langs festpynta langbord i Storsalen 1. laurdagen i november kvart år! I år har bordpynten forresten eit aldri så lite jubileum; det er **50. året Sigrund Nesdal sine troll** og kabbar (røter) friskar opp klubbefestborda!

Klubben vert som vanleg laga på steinmale byggmjøl frå Fjelli, med alt godt til, og Nordfjordsongen,

Klubbevisa og alt som høyrer ein tradisjonell klubbefest til, er med.

Dansemusikken er også tinga, **Sofienberg Spelemannslag** – med unge musikarar frå heimfylket (m/Audun Sølvberg i spissen). Dei skal få spela meir i år enn i fjor...

Få med deg folk og kom på Klubbefesten i Storsalen i Nordahl Bruns g. 22, laurdag 6. november kl. 19.!

Påmelding og pris: Festen kostar berre 250 kr for medl. og 350 kr for andre. Det er svært billig for full middag, underholdande program og dans til levande musikk!

Påmeldingsfrist torsdag 28. oktober. De melder dykk på anten til: Hilmar Nummedal (tlf. 920 67 263, e-post: hilmar@getmail.no) eller Jofrid Holter (tlf. 975 91 542, e-post: jofrid.holter@jbi.hio.no)

Laget ynskjer alle hjarteleg velkomne!